




FS Nytt

frå Førde Sementvare

Nr. 2 2020



Vi som jobbar i Førde Sementvare vil takke kundar og samarbeidspartar for oppdrag i 2020 – og ønskjer alle ei fredfull og god jul!



@www.fsement.no · www.fsement.no





Førde Sementvare AS har i liten grad vore påverka av pandemien, og vi har drive som vanleg gjennom året.

Året starta med feiring av selskapet sin 90-års dag 1. februar. I jubileumsheftet la eg vekt på at det viktige for bedrifta var å optimalisere drifta i fabrikkjen på Bruland i Førde, for å møte framtidig konkurranse. Dette året har ny snikkar- og stålverkstad kome på plass, med eit samla areal på 640 m².

Stryn sikra oss kapasitet

Gjennom året har det vore stor aktivitet, som har medførte behov for auka produksjonskapasitet utover kapasiteten på Bruland. Løysinga var å kjøpe Stryn Betong AS sitt produksjonsanlegg i Loen, og aktiva i Stryn Betongelement AS. Transaksjonen vart gjennomført med verknad frå 1. september 2020, og sikra oss god produksjonskapasitet. Det er kjekt å få den positive gjengen i Stryn med på laget, som gjer oss endå sterkare og betre rusta for framtida.

Positiv utvikling

Førde Sementvare AS har i 2020 hatt ei positiv utvikling. Eg vil takka alle tilsette, som kvar dag står på for at vi skal lukkast som selskap, i skarp konkurranse om leveransar til prosjekt i våre marknadsområde.

Inn mot år 2021 pregar framleis pandemien landet og verda rundt oss. Håpet er at vaksinen som no er teke i bruk vil bidra til at vi etter kvart kan leve som normalt.

Eg trur på eit godt år for selskapet i 2021, og vil med dette ønskje alle ei fredfull og god jul.

Lasse Opseth
Dagleg leiar

100.000 i jubileumsgåve til kreftforskning

I samband med 90-årsjubileet ønskte Førde Sementvare å donere pengar til ei viktig sak. Vi gav difor 100.000 kroner til Kreftforeninga sin aksjon «Krafttak mot kreft» – som brukar pengane på viktig forskning.

«Dette er ei svært raus gåve, som Førde Sementvare gir i samband med sitt jubileum. Vi i Kreftforeninga er utruleg takksame og pengane kjem godt med», seier distriktssjef Geir Vangnes.

Fleire skal overleve

Pengegåva frå Førde Sementvare gjekk inn i årets aksjon, som er øymerka forskning på kreftformer som svært få overlever. Lungekreft og bukspyttkjertelkreft er eksempel på slike kreftformer. Kreftforeninga vil bidra til at overlevingsprosenten

blir høgare. Målet er at fleire skal overleve, og forskning er difor det området Kreftforeninga brukar mest pengar på.

Støttar forskning

Gåver har gjort det mogleg å bevilge over 5 milliardar til kreftforskning. For Førde Sementvare er det fint å kunne bidra i kampen mot kreft, seier Lasse Opseth. Dei kreftformene med dårlegast odds treng eit løft. Då er meir kunnskap og forskning avgjerande. Dette ønskjer vi å vere med å støtte.

Birkeland Entreprenørforretning

Satsar på tunnelrehabilitering

Vi har samarbeidd med Førde Sementvare i mange år – og har alltid hatt eit godt forhold, fortel Pål Børslid i Birkeland Entreprenørforretning i Sløvåg. Vi driv først og fremst med tunnelar og fjellhallar. Dei siste åra har vore prega av tunnelrehabilitering, etter vedtak om at alle riksveg-tunnelar over 500 meter må oppfylle krava i Tunnelsikkerhetsforskriften.



Firmaet i Sløvåg har 20 tilsette og 4 tunnelriggar – og tar seg av utbetringane, sprenging av havarinisje og nisje til tekniske bygg, fjellsikring og alt som må til for at tunnelane skal vere trygge. Det er Førde Sementvare som leverer dei tekniske bygga som skal stå inne i eller i utkanten av tunnelane. Rehabilitering av tunnelar er ein stor marknad, og vi tek på oss slike jobbar i heile landet – men det meste skjer i Vestland.

Til å stole på

Saman med Førde Sementvare har vi jobba med mange av tunnelane langs E39, frå Bergen og nordover. Elementbygga frå Førde Sementvare gir kort byggetid, og dermed mindre stenging av tunnelane, seier Pål Børslid. Elles så er det viktig at leverandøren er konkurransedyktig på pris, og ikkje minst så er Førde Sementvare til å stole på og lette å samarbeide med. Dei er løysingsorienterte og berre ein telefon unna.



STILLING LEDIG

INGENIØR TEKNISK TEIKNAR DAK

Til vårt kontor i Loen
søker vi no etter
ein ingeniør
/ teknisk teiknar
/ DAK.

Søknadsfrist
8. januar 2021

Les meir:
fsement.no



2020 starta veldig bra med 90 års-jubileum for Førde Sementvare. Det er ikkje mange familiebedrifter som har ei så lang historie å vise til. Vi har lagt bak oss eit spesielt år, og då er det fantastisk å sjå at Førde Sementvare går ut med eit godt resultat.

Selskapet har vore svært lite påverka, og har hatt stor aktivitet gjennom heile året – både innan bygg og VA-anlegg. Eg må berømme leiinga og dei tilsette for å klare å skape business i ei vanskeleg tid.

Skal vere første valet

Oppkjøpa av Stryn Betong og aktiva i Stryn Betongelement er veldig viktig for å få opp kapasiteten. Her er utfordringane å slå saman og samtidig ta vare på to kulturar. På Bruland i Førde er det avgrensa med areal – slik at det blir ekstra viktig å satse på anlegga i Stryn. Med utvida kapasitet blir visjonen om å vere første valet i Vestlandsregionen endå meir aktuell. Ein anna klar visjon som Førde Sementvare vil leve opp til er å vere truverdig og til å stole på.

Stort potensiale

Førde Sementvare har alltid tilpassa seg den skiftande marknaden og går inn i ei tid med store potensiale. Leveransane til offentlege og private bygg går jamn og trutt, og vi har gode utsikter med tanke på dei utfordringane som overflatevatn skapar over heile landet. Det vil og bli strengare krav til reinsing av overflatevatn. Med utvida kapasitet og flinke folk som klarer å gripe moglegheitene ser eg lyst på framtida til Førde Sementvare.

Erik Bjørløw Dye
styreleiar Førde Sementvare

Kr. A. Vik Rørleggerverksemd

Gode relasjonar styrkar samarbeidet

Kristian Vik, som er dagleg leiar i rørleggarfirmaet med same namn fortel at dei handlar alt av kummar, oppforingar, rammer og lok med Førde Sementvare. Vi har store prosjekt for kommunane Stadt, Stryn og Kinn, og då er det godt å ha ein solid samarbeidspart – som stiller opp og sørger for at varene er på plass når vi treng dei.



Trauste bedrifter

Kristian A. Vik rørleggerverksemd i Stryn og Førde Sementvare er begge veletablerte familiebedrifter med over 90 års historie. Vi er solide og litt trauste begge to, så det er kanskje difor vi samarbeider så godt, smiler Kristian. Vi har ein veldig god tone og det er ein viktig styrke i samarbeidet. Førde Sementvare er ein solid leverandør, og vi møter hyggelege og proffe folk i alle ledd.

Leverer alltid

I prosjekta våre nyttar vi kummar i alle dimensjonar frå 65 cm til fleire meter i diameter. Då er det viktig å ha ein leverandør som vi kan stole på – og som alltid leverer. Førde Sementvare følgjer med i tida og tilpassar seg etter marknaden. Dei er flinke til å følgje oss opp, avsluttar den daglege leiaren for det største rørleggarfirmaet i Stryneområdet.



Stryn Betongelement – ein del av Førde Sementvare

Førde Sementvare har på mange måtar vore redninga vår, seier ein samstemt trio i Stryn Betongelement. Utgangspunktet vårt var litt usikkert, men no har vi velfylte ordrebøker. Gunnar Fannemel, Karin Kleppe og Alexander Grov sit i administrasjonen på elementfabrikken i Loen, og fortel at dei no kan ha fokuset der det skal vere – nemlig på fornøgde kundar.

Vi ser berre lyst på livet no, smiler Karin Kleppe – som har ansvaret for økonomi, men som har fingrane bort i både innkjøp og kvalitetssystemet. Vi er ikkje heilt i mål enno med omstillingsprosessane, men så langt har overgangen til ny eigar gått utruleg lett, seier ho.

Meir jobb – ikkje stogg

Alexander Grov er driftsleiar og har ansvar for ulike prosjekt. Vi har fått ein svært profesjonell eigar, og hadde gått tomme for jobbar om ikkje Førde Sementvare hadde kjøpt oss opp. Vi er til saman 15 tilsette, og har for tida arbeid med tekniske bygg til Kjøsnes-tunnellen, plattendekke til Jølstra Kraftverk, dokk til Westcon i Florø og eit hus i Ulsteinvik. Driftsleiaren legg vekt på at den nye eigaren har

vist vilje til å investere i elementfabrikken, og ser det som avgjerande for å behalde verdiane og arbeidsplassane lokalt.

Smertefri overgang

Vi har fått ein ny positivitet inn i fabrikkjen, fortel Gunnar Fannemel, som har gått frå dagleg leiar til å ha ansvaret for sal. Eg er overraska over kor lett det har gått seg til. Dei nye eigarane har lagt forholda godt til rette for oss. Stryn Betongelement har ei lang historie med skiftande marknader, og ulike satsingsområde. Med Førde Sementvare på laget er konkurransekrafta vår styrka. No kan vi lette blikket og sjå framover. Vi må legge vekt på å utnytte kvarandre sine sterke sider, avsluttar salssjefen i Stryn.



Stryn Betong treng lokale investeringar

Stryn Betong er samlokalisert med elementfabrikken, men har ferdigbetong som sitt arbeidsfelt. Vi leverer til Stryn Betongelement, men samtidig er vi ein stor leverandør av ferdigbetong til ulike prosjekt i distriktet. Bodil Bøe som styrer sentralbordet, rekneskapan og tar i mot og koordinerer bestillingane, fortel at dei ikkje merkar store endringar etter at Opseth Invest overtok bedrifta. Vi operer som før, men merkar at elementfabrikken har fått fleire oppdrag – noko som gir oss stabile leveringar.

Fullt opp å gjere

Birger Beinnes har ansvaret for den praktiske drifta med betongproduksjon og vedlikehald. I tillegg køyrer han pumpebil. Vi har hatt eit kjempeår, med veldig mykje levering til Flotunnelen på nattetid, og til andre kundar på dagtid. Akkurat no er det litt i overkant travelt. Oppkjøpet er positivt for oss, seier Birger Beinnes, men legg ikkje skjul på at han har forventningar til at det blir investert i Stryn. Det er ein viktig arbeidsplass – med 6 tilsette i tillegg til ekstrahjelpar – som treng å bygge seg opp.

